



Arkivsak 200500229-1
Arkivnr. 135.T02
Saksh. Skavhellen, Nils

Saksgang	Møtedato
Opplærings- og helseutvalet	18.01.2005
Fylkesutvalet	27.01.2005

AVTALE OM KJØP AV ELEVPASSAR I ROGALAND FYLKE

SAMANDRAG

Totalt har Hordaland i 2004 betalt kr. 20.487.500 for kjøp av elevplassar i Rogaland. Hovuddelen av denne summen er for kjøpte plassar i Haugesund og Ølen.

Hordaland har inngått avtale med Rogaland om å betale 3 millionar kroner mindre for same tal elevplassar i 2005 som i 2004. (Konkret sum for betaling av elevplassar vil likevel måtte justerast i høve til tal elevplassar som blir kjøpt for dei komande skoleåra).

På bakgrunn av dette har ein saman med Rogaland fylkeskommune kome fram til ein avtale som endrar kostprisen for kvar kjøpte elevplass i Haugesund og Ølen.

Avtalen vil også vere med på å sikre undervisningstilboda ved skolane i Etne og Ølen.

FORSLAG TIL INNSTILLING

Hordaland fylkeskommune (HFK) og Rogaland fylkeskommune (RFK) inngår slik avtale om inntak av elevar frå Sveio og Etne kommune:

- 1.1 Elevar frå Sveio kommune kan søkje plass ved vidaregåande skolar i Rogaland
- 1.2 Elevar frå Etne kommune kan søkje plass ved vidaregåande skolar i Rogaland, **under føresetnad av at Etne vidaregåande skule ikkje gir tilbod om dei same kursa.**
- 1.3 Avtalen gjeld inntak etter § 3-1 i Lov om grunnskulen og den vidaregåande opplæringa (Opplæringslova). Det er HFK som har ansvaret for å gje dei aktuelle elevane som det blir kjøpt plassar til, eit opplæringstilbod i samsvar med Opplæringslova.

- 2 Elevane som søker elevplass i Rogaland, sender søknad om inntak til HFK. HFK tek inn elevane til dei kjøpte elevplassane i Rogaland i samsvar med sine retningslinjer for inntak
- 3 HFK har ansvaret for kunngjering av skoletilbod, søknadsfristar og lignande for den ovannemnde søkjargruppa.
- 4 For nemnde søkjargruppe avtalar HFK og RFK tal på elevplassar som skal kjøpast i Rogaland innan 1. juni kvart år for det påfølgjande skoleåret. Tal på kjøpte elevplassar kan regulerast skriftleg i inntaksperioden dersom søkjarar trekkjer tilbod om plass/nye søkjarar kjem i tillegg. Dersom ein elev ikkje møter til skolestart, eller avbryt opplæringa innan 1. september i skoleåret, har HFK høve til å annullere kjøpet av den aktuelle elevplassen. RFK kan likevel stille som krav for å godta annullering at den aktuelle plassen blir nytta av ordinær søkjar frå Rogaland
- 5.1 Ved **Ølen vidaregåande skule** betalar HFK for plassane ved **yrkesfaglege studieretningar** etter følgjande retningslinjer:
 - * For dei tre første elevane ved eit kurs/nivå skal det betalast for ein elev
 - * For dei fem første elevane skal det betalast for to elevar
 - * For elev nr. seks og fleire skal det betalast ordinær stykkpris
- 5.2 Ved **Ølen vidaregåande skule, studieretning for allmenne, økonomiske og administrative fag** skal HFK betale ordinær kostnad for ein klasse så lenge elevtalet ved skolestart er 15 eller fleire elevar. Ved færre enn 15 elevar skal kvart fylke betale ein pris i høve til elevar frå kvart fylke.
- 5.3. Gjeldande ordinære satsar frå Kommunenes Sentralforbund (KS) skal leggjast til grunn under punkt 5.1 og 5.2
- 6 Ved kjøp av elevplassar ved dei andre vidaregåande skolane i Rogaland blir det betalt ordinær pris for kvar elevplass. Gjeldande ordinære satsar frå Kommunenes Sentralforbund (KS) blir lagt til grunn. **For elevar heimehøyrande i Sveio kommune skal det gjevast 7,5 % rabatt i høve til desse satsane.**
7. Elevar som etter sakkunnig vurdering har rett til særskilt tilrettelagt opplæring, kan få tildelt ekstra ressursar fastsett av HFK
8. Betaling for kjøpte elevplassar skal gjerast med ein del om hausten og ein del om våren, etter nærare avtala fristar
9. HFK dekkjer utgifter til skyss til dei elevane det er kjøpt elevplassar til, etter dei retningslinjene som gjeld for dette i Hordaland.
10. Avtalen er tre-årig frå skoleåret 2005/06, men avtalen kan forhandlast kvart år dersom eitt av fylka krev det.

Paul M. Nilsen

Svein-Erik Fjeld

Vedlegg:

FYLKESRÅDMANNEN, 11.01.2005:

Hordaland og Rogaland har i mange år kjøpt elevplassar av kvarandre for elevar i grenseområda mellom dei to fylka. Samarbeidet har vore regulert i ein avtale mellom fylka om kjøp av elevplassar etter satsar fastsett av Kommunenes Sentralforbund (KS). Gjeldande avtale vart vedtatt i Fylkesutvalet 28.november 1996.

Etter at Ølen kommune vart ein del av Rogaland fylke vart det ein ubalanse mellom kjøpte og selde elevplassar mellom dei to fylka. Hordaland kjøper no langt fleire elevplassar frå Rogaland enn tidlegare. I praksis er det no slik at Rogaland berre kjøper frå 3-6 elevplassar ved Etne vidaregåande skule.

Hordaland kjøper 45-50 plassar ved Ølen vidaregåande skule og 170-180 elevplassar for elevar frå Sveio ved Haugesund-skolane.

Den nye avtalen tek utgangspunkt i at Hordaland betalar for færre elevplassar ved Ølen vidaregåande skule enn det som reelt blir kjøpt.

Ved skolane i Haugesund gir Rogaland 7,5% rabatt på kvar kjøpt elevplass for elevar som er heimehøyrande i Sveio.

Totalt sett vil dette medføre ei innsparing for Hordaland på ca. 3 millionar kroner årleg samanlikna med utgiftene til kjøp av elevplassar for skoleåret 2004/05.

Den nye avtalen medfører ingen administrative konsekvensar mellom dei to fylka.

Fylkesrådmannen i Hordaland og Rogaland er elles samde om å vidareutvikle samarbeidet innanfor vidaregåande opplæring mellom dei to fylka. Dette kan m.a. vere utgreiing av evt. fritt skoleval mellom dei to fylka, Internasjonalisering og ”Kunnskapsløftet” /”Kultur for læring”.

Partane er også samde om at Etne vidaregåande skule, også etter reforma i 2006, skal tilby utdanningsprogram innanfor media og kommunikasjon og teknikk og industriell produksjon. Rogaland skal betale for plassar i Etne etter dei same reglane som gjeld for Hordaland sine elevar i Ølen.